Stange 16/3 1953. 1

Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29. Julenisse. | Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Torvastad

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Stange. | Gard: Stange.

(adresse): Nordbø paa Karmøy | G.nr. 4 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenisse, som deler ut julegaavar var ikkje kjent her i bygdi, daa eg var liten – fødd 1883. Me hadde nok høyrt om nissar, huldre og troll, men dei hadde liksom ikkje sin heimstad paa den flate, verharde og trelause Karmøy. Det var inn i landet i skog, fjell og sæter dei høyrde heime. Det var nok julehefti som kom med fyrste julenissen, men det gjekk lang tid, fyrr nissen kom med julegaavar. Det var fyrst, naar det vart vanlegt med juletre i kvar heim.

2. For 10–15 aar sidan var det vanlegt, at julenissen kom med gaavar, men han fekk aldri noko for det. Det var anten faren i huset eller eldste barnet, og dei var alltid tilstasa med maske, kvitt skjegg og raud pinnahuva. Gaavorne bar nissen i ein sekk. Det var namn paa kvar pakke.

5. Masker og utstyr elles kjøper ein og gøymer det fraa aar til aar

6. Julebukkar er det ikkje mykje av. Det er halvvaksne gutar og gjenter som klær seg ut og har maske. Det er gardar dei gaar etter, men har aldri noko med seg.

8. Den nye nissen set ein ikkje i samband med den gamle nissen, tuften eller haugekallen.

9. Eg kjenner ikkje til, at julegaavorne kom paa nokon merkjeleg maate. Det var vanlegt, at eg fekk ein ting,

7695

eg kunde slita – sokkar, skjorta, votter osh. – og mor var alltid högtidsam, naar ha gav meg dei med desse ord: „Slit dei med helsa," og eg saag blanke toarar i auga hennar. Dei andre i stova – eg hadde ikkje syskin – sa, at no slapp eg hora verahadnet denne jul. Den som ingen ting fekk maatte hora verahadnet.

Dette er ikkje mykje, men eg har ikkje meir. Er det noko De vil ha meir greida paa, saa skal eg svara saa godt som eg kan.

Vyrdsamt
Knut Stange

7695
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING